

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET NSFLOS HORDALAND

24. JANUAR 2023, HARALDSPLASS SJUKEHUS

Tysdag 24. januar blei det avholdt årsmøte i NSFLOS Hordaland, ved Haraldsplass sjukehus.

I tillegg til 6 personer frå styret, var det 12 påmeldte. Som vanlig blei det servering av enkel mat og drikke.

Agenda for møtet var som følger:

- Årsrapport for året 2022
- Lokalstyrets økonomi
- Handlingsplan for 2023
- Tilstandsrapport NSFLOS v/ styreleder i sentralstyret Petrin Eide
- Valg av lokalstyre

Det har gjennom året 2022 vært liten aktivitet, kunn ved nokre få styremøter. Av forskjellige grunner har ein i lokalstyret valgt å fokusere frammover og tenke program for året 2023.

Ved utgangen av 2022 var medlemstallet for NSFLOS Hordaland på 173. Dette er ein lite nedgang, men det er ikkje sikkert at dette kjem av at medlemmer melder seg. Det er komt tilbakemeldinger frå medlemmer som ikkje lenger mottar mailer, og dei lurer på kvifor. Det som har skjedd med dei fleste av desse, er at dei heller ikkje har mottatt faktura for betaling av årskontigent. Det som skjer ved fråværande innbetaling er at ein blir meldt ut av medlemslistene, utan noko varsel. Problemet for lokalstyret er at heller ikkje me får noko varsel om dette. Det er derfor viktig at alle medlemmer går inn og ser om dei står korrekt registrert som medlem i NSFLOS. Det er også viktig at ein snakker med andre som ein veit er medlemmer, for å fange opp om nokon har falt ut av listene våre.

Lokalstyrets økonomi er stabil og god (litt over 200.000,-). Det har sjølv sagt vært liten trafikk både inn og ut av konto dei siste årene med corona, men dette håper me å kunne gjøre noko med i løpet av året 2023. Det vil bli satt av midler til stipender og anna, som medlemmer kan søke om.

Når det gjelder handlingsplan for 2023, så er det satt opp 3 medlemsmøter/ seminar for året.

Det første medlemsmøtet var årsmøtet, som dette referatet er skrevet frå. Det neste møtet er vårmøtet som er satt til 19. april. Endelig program og klokkeslett vil ein komme tilbake til når det nærmer seg.

Vanlegvis har NSFLOS Hordaland gjennomført sitt høstmøte i begynnelsen av november kvart år. No har det dessverre gått fleire år utan høstmøte, og det vil nok ikkje bli eit høstmøte i år heller (i alle fall ikkje slik ein vanlegvis holder dei). Grunnen til dette i år, er at NSFLOS sentralt skal avholde sine seminardager 6-8 september. I sammenheng med dette skal det også gjennomføres NORNA (nordisk samling av operasjonssjukepleiere) og alt skjer i Bergen. Lokalstyret i Hordaland har derfor blitt spurt om å stille som vertskap, og det har me takket ja til. Det kan derfor bli ein del jobb med

dette framover, og kanskje litt for mykje og tett opp mot vårt eige høstmøte. Om det skulle bli noko i november, og eventuelt kva må me komme tilbake til seinere.

Me var også så heldige å kunne få besøk av leder for sentralstyret i NSFLOS, Petrin Eide, som kunne fortelje oss litt om kva sentralstyret jobber med og kva som ellers beveger seg der ute.

Eit av områdene som det er blitt jobbet med over tid, er det å få på plass ein spesialistgodkjenning. Det er endå ikkje komt på plass, men det jobbes mot dette. Ein prøver å få til ein model for korleis ein skal få med direktoratet på ei slik godkjenning.

Petrin viste også til at det den 3. februar blei lagt ut ein rapport frå helsepersonellkomisjonen (NOU 2023: 4 Tid for handling- Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste) Ein har frå sentralstyret forventet at denne vil det bli bråk rundt. Dette med bakgrunn i at ein frå kommisjonen sin side, med leder Gunnar Bovim i front, har kommet med angrep på sjukepleierfaget.

Per i dag er det eineste helsepersonellet ein har nok av leger. Behovet for sjukepleiere (og spesialsjukepleiere) er stort, og ein har ikkje ein stor nok pott å ta av. Dette fører til at alternative løysinger vil trekt fram. Ein av desse er helsefagarbeidere. Det diskuteres her forskjellige løp å gå, og kva og kor mykje anatomi og fysiologi ein skal eller bør ha.

Det er ikkje lett å få nokon innsikt i plan/ oversikt over kva ein skal gå gjennom. Områdene miljø og kommunikasjon er framtredende, og Fagforbundet er pågående med at dei vil ha helsefagarbeiderene inn.

Det har blitt prøvd med helsefagpersonell i Harstad, utan at dette hadde fungert.

Det er viktig at ein ikkje gløymer at me er nøkkelpersonell, og den jobben me gjer er det ikkje nokon andre som kan gjere.

Det er derfor viktig at me er der bestemmelse blir tatt, og at me alle engasjerer oss.

På landsbasis er det 250 operasjonssjukepleiere i utdanning. Departementet sin løysing på mangelen av operasjonssjukepleiere, er å auke antall plasser til utdanning. Problemet med dette er at ein vil mangle praksisplasser.

Det er også ein pågående sak ved høgskulen, rundt korleis det skal være med krav/ ikkje krav til praksis før ein begynner på videreutdanning. Siste ord er endå ikkje sagt i denne saken.

Minner også om vårt fagtidsskrift, Inspira. Viktig å holde seg oppdatert og dette kan abонneres på nettet. Fagportalen også viktig, for å kunne sjå kva aktiviteter som skjer rundt om.

Møtet blei avsluttet med valg av nytt lokalstyre. Av det gamle styret var det tre personer som hadde sagt at dei ikkje ville stille til valg igjen.

Dei tre som går ut av styret er: Kristin Olsen Ulvestad, Therese Isdahl og Kjersti Eide. Ein stor takk til alle tre for den tid som dei har vært med i lokalstyret.

Av dei resterende i det gamle styret har Robert Sviggum, Elisabeth Størksen, Gro Anita Henriksen, Randi Olsen Aas og Grethe Dåvøy sagt seg villig til å stille til valg igjen.

Det er også blitt valgt inn to nye i lokalstyret. Dette er :

Elge Kristina Elfving Namtvedt og Alice Fanebust. Velkommen inn i styret til begge to.

Lokalstyret vil bli konstituert ved neste styremøte, og det vil då bli sendt ut mail om korleis styret då ser ut.

Referat skrevet av

Robert Svingum

Styreleder NSFLOS Hordaland